



Blåkkokka Barnehage AS
Melandsvegen 38
5919 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1618 - 19/16878

Saksbehandlar:

Mette Marei Træland

mette.m.traland@meland.kommune.no

07.08.2019

Innrapportering av Resultatrekneskap for ikkje-kommunale barnehagar 2018

Alle ikkje-kommunale barnehagar, det vil seie alle private, statleg og fylkeskommunalt eigde barnehagar som var i drift per 15.12.2018, skal innrapportere resultatrekneskapsopplysningar for 2018 gjennom innrapporteringssystemet BASIL på basil.udir.no. Kommunen ønskjer med dette brevet å informere om rapporteringa og å klargjere kva for oppgåver barnehagen har i samband med resultatrekneskapsrapporteringa.

Opplysningane skal brukast til å sikre at tilskot og foreldrebetaling blir brukte i samsvar med barnehagelova § 14a, og leggje til rette for kommunalt tilsyn med bruken av tilskot og foreldrebetaling.

Barnehagen fører sjølv inntekter i skjemaet. Dette gjeld òg tilskot utbetalt av kommunen. Barnehagen spesifiserer korleis det kommunale tilskotet er utbetalt. Kommunen fyller eventuelt ut steg 12, Supplerande opplysningar frå kommunen.

Alle barnehagar nyttar UBAS (Utdanningsdirektoratets brukeradministrasjonssystem) for pålogging i BASIL. Ta kontakt med kommunen for å få oppretta brukarnamn og passord. Du finn meir informasjon på udir.no/ubas. Gjennom UBAS får revisor tilgang til alle barnehagar vedkommande fører rekneskap for. Veiledning for å opprette tilgang til revisor finn du på Utdanningsdirektoratet sine [nettsider](#).

Barnehagens revisor skal revidere og leggje fram revisjonsberetning basert på ISA 805 Særlege omsyn ved revisjon av enkeltstående rekneskapsoppstillingar og spesifikke element, kontoar eller postar i ei rekneskapsoppstilling. Revisjonsberetningen lastes enten opp elektronisk i BASIL, eller sendes til kommunen.

Barnehagar som er unnatekne frå kravet om revisor i forskrift om rekneskapsplikt for godkjende ikkje-kommunale barnehagar, skal gi revisortilgang til uavhengig regnskapskyndig, som attesterer regnskapet.

Fristen for å fyller ut resultatrekneskapan er: 06.09.2019

Lenkja til BASIL er: basil.udir.no.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

De finn meir informasjon om innrapportering av resultatregnskap på Udir sine nettsider:

<http://www.udir.no/tall-og-forskning/datainnsamling--kilder/basil/resultatregnskap-fra-private-barnehager>

Med helsing

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Blåklokka Barnehage AS

Melandsvegen 38 5919

FREKHAUG